

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Komite for kommunalteknikk - miljø og landbruk	23.08.2005	TIB	075/05
Delegasjonsvedtak kommunalteknikk, miljø, landbruk	26.08.2005	SVT	270/05

Avgjerd av: Kommunalsjef	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Sveinung Toft	JHB	GBNR-27-2, N-506	2005001047

SØKNAD OM FRÅDELING AV AREAL MED PÅSTÅANDE VÅNINGSHUS - GNR 27 BNR 2

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	27.05.2005	Stein Olav Sagstad	SØKNAD OM FRÅDELING AV AREAL MED PÅSTÅANDE VÅNINGSHUS - GNR 27 BNR 2
3	U	26.08.2005	Stein Olav Sagstad	SØKNAD OM FRÅDELING AV AREAL MED PÅSTÅANDE VÅNINGSHUS - GNR 27 BNR 2

Saksutgreiing:

Det er søkt om frådeling av våningshuset m/uthus frå gnr. 27, bnr. 2, Moldekleiv. Den omsøkte parsellen er ca. 0.9 daa. Søkjar ynskjer samstundes at gnr. 27, bnr. 116 som han bur på vert lagd til bnr. 2 som nytt våningshus på bruket. Bnr. 116 ligg nord for tunet og grensar til driftsbygningen på bruket.

Gnr. 27, bnr. 2 har ei samla areal på 103 daa. Av dette er 12 daa overflatedyrka jord og 80 daa skogsmark. Det har vore sjølvstendig drift på bruket fram til 2004. Nå er jordbruksarealet bortleigd til sauebeite.

Den omsøkte parsellen ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til landbruk, natur og friluftsområde.

Vurdering:

Administrasjonen har vurdert saka etter § 12 i jordlova og rundskriv M-4-2003 frå landbruksdepartementet. § 12 i jordlova inneheld eit forbod mot deling av eigedomar som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk.

Det kan gjevast samtykke til deling dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller ei deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gje. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til

- om deling kan føre til drifts eller miljømessige ulemper for landbruket i området.
- omsynet til godkjende planar som ligg føre for arealbruken etter plan -og bygningslova
- omsynet til kulturlandskapet.

Våningshus er etter § 12 i jordlova naudsynt for drifta av ein eigedom. Ved at frådelt parsell vert føyd til bruket mot at det gamle våningshuset på bruket vert frådelt vil dette vere forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gi.

Frådelinga vil føre til små drifts og miljøulemper for drifta på bruket då veg fram til driftsbygning og det nye våningshuset vil gå utanom den frådeltte parsellen.

Etter ei samla vurdering vil administrasjonen tilrå den omsøkte frådelinga på vilkår av at gnr. 27, bnr. 116, vert føyd til bnr. 2.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Komité for kommunalteknikk, miljø og landbruk syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering og godkjenner at det vert frådelt våningshus med inntil 0,9 daa frå gnr. 27, bnr. 2.

Delinga vert godkjent på vilkår av at gnr. 27, bnr. 116 vert føyd til gnr. 27, bnr. 2.

Vedtaket har heimel i § 12 i jordlova.

23.08.05 KOMITE FOR KOMMUNALTEKNIKK - MILJØ OG LANDBRUK

KML-075/05 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Komité for kommunalteknikk, miljø og landbruk syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering og godkjenner at det vert frådelt våningshus med inntil 0,9 daa frå gnr. 27, bnr. 2.

Delinga vert godkjent på vilkår av at gnr. 27, bnr. 116 vert føyd til gnr. 27, bnr. 2.

Vedtaket har heimel i § 12 i jordlova.”

HANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOV – DELEGASJONSVEDTAK

KOMMUNALTEKNIKK:

Saksutgreiing:

Det er søkt om frådelling av våningshuset m/uthus frå gnr. 27, bnr. 2, Moldekleiv. Den omsøkte parsellen er ca. 0.9 daa. Søkjar ynskjer samstundes at gnr. 27, bnr. 116 som han bur på vert lagd til bnr. 2 som nytt våningshus på bruket. Bnr. 116 ligg nord for tunet og grensar til driftsbygningen på bruket. Det er gjeve løyve etter jordlova på vilkår om samanføying av gnr 27 bnr. 116 og bnr. 2.

Vurdering:

Saka må handsamast etter § 63 i plan- og bygningslova med tilhøyrande regelverk. Administrasjonen meiner at arealbruken verte lite endra av omsøkt deling, og at saka er kurant. Det må tinglystast vegrett, rett til drikkevatt, rett utslepp frå avlaup og rett til å føra el. forsyning til tomta, dette som hefte på hovudbruket.

VEDTAK:

” Meland kommune gjev løyve til deling av bustadtomt som omsøkt på gnr. 27 bnr. 2 av Moldekleiv på følgjande vilkår:

- Naudsynte rettar som sikrar tomta tilkomst, drikkevassforsyning, avlaup og el. forsyning må tinglysast som hefte på hovudbruket. Dette kan gjerast når det skjer heimelsoverføring.
- Eigedomen gnr. 27, bnr. 116 skal føyast til gnr. 27, bnr. 2.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova sin § 93h og på delegasjon etter fullmakt frå rådmannen. ”

Rett utskrift

Dato:

Kopi til:

31.08.08
Kommunalsjef


Stein Olav Sagstad

